

## Kva er vesentleg endring av gravplass?

Anlegg, utviding, nedlegging og annan vesentleg endring av gravplass og bygningar på gravplass, krev godkjenning frå statsforvaltaren, sjå gravplassloven § 4 og gravplassforskrifta § 2. I dette dokumentet vil vi gi ein oversikt over kva for tiltak som er rekna som vesentleg endring.



Lørenskog kirkegård. Foto: Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

### **Tiltak som er vesentlege endringar**

Tabellen nedanfor lister opp kva for vanlege tiltak som er vesentlege endringar av gravplass og bygning på gravplass, og som statsforvaltaren må godkjenne. Denne godkjenninga må vera på plass før arbeidet med tiltaket startar.

Føremålet med Statsforvaltaren sin godkjenning og avgjerdsamt etter gravplasslova og gravplassforskrifta er å sikre at regelverket blir følgde og at gravplassane med bygningar er funksjonelle og eigna til å tene dei særlege funksjonane sine. Statsforvaltaren skal legge vekt på den lokale gravplassmyndigheita si vurdering av orden, vørndnad, estetikk og funksjonalitet.

<b>Element</b>	<b>Tiltak</b>
Parkeringsplass	Større utvidingar eller nytt parkeringsareal tett på gravplassen
Gjerde/mur (innhegning)	Bytte til ny type
Port	Bytte til ny type
Interne vegar (vegar inne på gravplassen)	Nyanlegg (som regel) Endring/fjerning av historiske vegar (som regel)
Gravfelt	Nye gravfelt, inkludert tilrettelagte gravfelt  Stenge heile eller deler av gravplassen for kistegravlegging  Oppfylling med meir enn 40 cm  Endre frå kiste- til urnegravfelt dersom gravstørrelsen blir endra  Fjerne rammegraver i større omfang
Minnelund, både anonym og namna	Nyanlegg  Nye minnesmerke i eksisterande minnelund
Urnevegg	Nyanlegg
Vegetasjon	Fjerning av vegetasjon med stor verknad på gravplassen (til dømes allear, store enkelttre, rammedannande/romdannande vegetasjon)  Ny planteplan for heile gravplassen dersom han fører til endring av karakteren til gravplassen.
Driftsavdeling/driftsbygning	Oppføring av nybygg eller tilbygg større enn 30m <sup>2</sup> inne på eller ved driftsareal  Utviding av driftsplass, oppføring av nybygg eller tilbygg når arealet er i bruk eller godkjent som gravfelt, gangareal, vegetasjon og liknande  Endring av hovudfunksjon (som regel, sjå temanotat nr. 2 «Driftsbygning og driftsplass»)
Gravkapell og bårhus	Oppføring av ny bygning  Endring av hovudfunksjon (som regel, sjå temanotat nr. 4 «Gravkapell og bårhus»)  Tilbygg og større fasadeendringar

	Større endringar av uteområde, inngangsparti og seremonisal
	Ny biletkunst eller anna utsmykking i seremonirom
Klokkestøpul	Oppføring av ny klokketsøpul
	Større endringar av eksteriøret
	Montering av automatisk ringeanlegg eller klokkespel
	Utskiftning eller nye klokker
Drenering	Legge dreneringsledningar i gravfelt som er tatt i bruk
Belysning	Utstrekt belysning på gravplass der det ikkje har vore lys tidlegare
	Omfattande effektbelysningar
	Lysarmatur plassert inne på gravfelt.
Nedgravde avfallsdunker	Nedgravde avfallsdunker på eksisterande gravplass

### Tiltak som kan vere vesentleg endring

Nokre type tiltak vil vere ein vesentleg endring i nokre tilfelle, og ikkje i andre. Om tiltaket er av ein slik karakter eller storleik at det vil endre gravplassen sin eigenart, eller tilhøva for dei som vitjar han, vil det vere ein vesentleg endring som ein må søke statsforvaltaren om, sjå gravplassloven § 4. Dette gjeld òg for tiltak som ikkje er nemnt i tabellen ovanfor. Tiltak som kan virke negativt inn på kulturhistoriske verdiar ved kyrkjyas uteområda, vil normal bli rekna som vesentleg endring av gravplassen, sjå rundskriv Q-06/2022, pkt. 4.4.2. Dette må vurderast konkret i kvart tilfelle. Ta kontakt med statsforvaltaren om de lurer på om eit tiltak vil vere ein vesentleg endring eller ikkje.

### Temanotat-serie: «Råd og rettleiing»

Statsforvaltaren har laga ein serie med temanotat om vanlege tiltak på gravplassen med råd og rettleiing. Ved å følge disse råda og rettleiinga kan ein enklare sikre at tiltaka blir gjennomført med den orden og vørndnad som gravplassens eigenart tilseier. Her er det òg nærmare beskrive når eit tiltak er ein vesentleg endring.

### Er tiltaket søknadspliktig etter andre lovar eller føresegner?

Ver merksam på at nokre tiltak i tillegg kan vere søknadspliktige etter andre lovar eller føresegner, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, veglova eller kyrkjeordninga for Den norske kyrkja. Ta kontakt med den aktuelle instansen for å

avklare dette. Hugs at statsforvaltarens godkjenning (eller uttale) skal følge byggesøknad til kommunen, sjå gravplassforskrifta § 6.

### Referansedokument

- Gravplasslova
- Gravplassforskrifta
- Rundskriv Q-06/2020 *Forvaltning av kirke, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminner og kulturmiljø* (Barne- og familiedepartementet og Klima- og miljødepartementet)
- Statsforvaltaren sine temanotat «Råd og rettleiing»:
  - Nr. 1 *Belysning på gravplass*
  - Nr. 2 *Driftsbygning og driftsplass*
  - Nr. 3 *Gravfelt*
  - Nr. 4 *Gravkapell og bårehus*
  - Nr. 5 *Informasjonstavler*
  - Nr. 6 *Interne vegar*
  - Nr. 7 *Endring av minnelundar*
  - Nr. 8 *Utstyr – avfallsdunkar, vasspostar, benkar m.m.*
  - Nr. 9 *Parkeringsplass*
  - Nr. 10 *Klokkestopul*
  - Nr. 11 *Vegetasjon*



**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark**

Januar 2023